



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 10

DESEMBER 1974

23. årgang

## Simeon og Anna Fanuelsdotter

Soga om desse to gamle er mellom dei fagraste tekstene eg veit frå hendingane omkring Jesu fødel. Det andar ro og fred om desse gamle. Sjelens ro og sinnets harmoni lyser liksom ut av dei. Det er ikkje så mykje som er fortald om dei og likevel er konturane deira teikna så klårt at vi tykkjer vi kjenner dei rett så godt. For meg har det alltid vorte slik at, når eg har handsama

Framh. s. 2.



Frå Orkdal ungdomsskule - 1974

Medan dei fryktelege tragediane herjar med det nye landet Bangladesh kjempar fleire nordmenn der ute for å rette på forholda og lindre naudane. Dei fleste er frå Santalmisjonen og Kirkens Nødhjelp. Santalmisjonen har fleire misjonsfelt her i samarbeid med dei lokale kyrkjesamfunn. Dette er vel kjent stoff for dei fleste, men det har slettes ikkje engasjert oss nok. Ei av dei som har latt seg engasjere er Eldbjørg Gjelsvik, dotter av Liv og Sigmund Gjelsvik på Follo. Ho er som sin far lektor, og har faga engelsk, norsk og gymnastikk. Dei siste åra har ho vore lektor ved Fredtun folkehøgskule på Rognan. No går ho på Fjellhaug misjonsskole, og skal til sommaren reise ut som misjonær for Santalmisjonen. Orkdal har gjennom åra hatt fleire misjonsutsendingar både frå Misjonsselskapet og Misjonsambandet. Men den 30årige Follojenta Eldbjørg Gjelsvik blir Orkdals første misjonær for Santalmisjonen. Spesielt gleder dette alle trufaste santalvenner i dalen.

Santalmisjonen har nett hatt allsi-

Framh. s. 8.

## Orkdalsjente til Bangladesh!

## Kritikken i sentrum

Det er på mote å kritisere vår kristne arv. Den kristne kyrkjens historie blir lagt fram som ein lang serie med tabber og overgrep. Misjonen blir presentert som utidig innblanding, meiningsterror og ulandsøyding. Både kyrkjefedre og strømpestrikkande basarbestemødre har tatt feil.

Å tole kritikk er ein viktig livsregel. Kritikken kan skape rett ettertanke og bli fruktbar. Kristensamfunnet har måtte tole og bere kritikk gjennom all tid. Feilgrep er det og i mengdevis å peike på. Ingen ting av dette er nytt.

Men vi skal ikkje sitte tafatte å akseptere alt. Kritikken mot den kristne kyrkje er arrangert og intensivert av propagandamessig grunn. Det er sterke politiske straumdrag bak. Medvite blir forvrengningane laga og sett inn. Det går hand i hand med propaganda for fri moral på alle livsområde.

Jesus Kristus har trass alt vore kyrkjens Herre fram til i dag. Og i hans namn og inspirasjon er det blitt skapt ei ærefull historie. Vi treng ikkje skjemmaast over det. Det same gjeld misjonen. Og kvar enkeltkristen skal vere frimodig i si tru også i vår ulvetid.

Det kristne svar på utfordringa er ein åpen og brukt Bibel, eit åpent sinn i bøn, fellesliv om ord og sakrament, offersinn, teneste, omsorg, formaning. Slik blir ulvetid vendt til misjonstid. Guds rike skal aldri brytast ned.

Det krevst mye av den kristne kyrkje i dag. 1. Tess. 5.

## SLEKTERS GANG

## Døpte



## Orkland.

27.10. Heidi Sommervold  
(Løkken kp.)

## Orkdal.

13.10. Hilde Mariken Andersen  
3.11. Pål Erik Stolpnes  
Øystein Haugen  
10.11. Torgeir Skarholt  
Marthe Steien (Meldal k.).

## Orkanger.

27.10. Helga Kjøren  
Bjørn Heen  
10.11. Magne Kirkholt (Meldal)  
17.11. Hilde Paulsen  
Jonny Kristiansen  
Rune Marius Skrødal (stf.).

## Geitastrand.

10.11. Vebjørn Sletvold  
Arne Solstad.

## Vigde



## Orkdal.

9.11. Asbjørn Magne Storøien og  
Jorunn Bjørg Svanem.

## TOMBOLA

i Svorkmo Handelssamlag 7. des. fra  
kl. 09.00.

Til inntekt for Svorkmo Misjonshus.  
arr. Svorkmo Misjonshus.

SØVASSKJØLEN  
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE  
I ORKDAL.

## Døde



## Orkdal.

21.10. Ella Svee f. 1886  
28.10. Johanna Hallem f. 1900  
2.11. Alexander Gudbrand Andersen  
f. 1913.

## Orkanger.

21.10. Petra Ernesta Krognæs f. 1904  
17.10. Daniel Winther Apold f. 1892  
21.10. Kolbjørn Ljøkeløy f. 1918  
28.10. Nikolai Konstad f. 1884  
1.11. Anton M. Jensen f. 1892  
11.11. Fredrikke Trettøy f. 1909  
14.11. Albinus Braseth f. 1899.

## Geitastrand.

22.9. Randi Husdal f. 1882  
18.10. Eilert Ofstad f. 1897  
12.11. Marie Vormdal f. 1882.

## Rett julekveld

Bøn har takk med seg. At Gud er  
all god gaves gjevar. «All god gåve  
og all fullkomen gåve kjem ovanifrå  
frå Far åt lysa, han er det ikkje for-  
andring hos eller skiftande skugge».

Takk for hus, helse, venner, arbeid,  
vern i sjukdom, familie, sjukehus,  
aldersheimar, kyrkje, møtet i møter,  
medmennesket, samtaler på tomanns-  
hand, samfunnet, stille stunder aleine.

Glede over noen å leve saman med,  
barna hos oss, mulighetene som ein-  
sleg, dei unge som går på livets veg,  
dei eldre som har verna om tru og  
kristenlivet, alle som har det godt  
ilag, himmelriket i vente.

Jubel over freden som rår i vår del  
av verda. Men at vi midt i den får sjå  
den lidande og svoltne. Vår bror og  
søster. At smerten blir til medlidning.  
Det er den rette takk.

Det fører til gledens rike.

Slik får vi rett julekveld.

**Husk barnejulefestane** på Svorkmo  
misjonshus og Solbu/Monset på Grend-  
stugu Solbu 2. juledag kl. 16. På Vorm-  
stad 3. juledag kl. 16. Arr. Søndags-  
skolane.

Simon og  
Anna Fanuelsdotter

Framh. frå s. 1.

denne teksten at det er biletet av  
mine egne besteforeldre som  
står for meg.

Både Anna og Simeon har eit  
langt liv attom seg — dagar av  
begge slag — sikkert ein livslag-  
nad mellom sorg og sol. Andleta  
er fulle av røynsle og - - kjærleik.  
No helgar dei sine beste dagar og  
år med å venta på Herren i Hans  
hus - Templet. Og ventinga vert  
ikkje gjort til skamme. Dei får  
den utvalgte oppgåva å vera  
«faddrar» til Frelsaren.

Og så går tankane mine til alle  
besteforeldre og andre gamle som  
helgar dei siste åra sine med å  
venta på Herren. Dei sit der i  
stua si eller på loftet sitt og ven-  
tar på så mangt, - på vitjing av  
nokre naboar eller ein slektning,  
- på postbodet, - på telefonen  
som skal ringa. Tidt er det så

Framh. s. 8.

## Gravminner i smijern

Navneplater i støpt bronse.  
Flere modeller.



NORFORM A/S.  
Trygve Solbu. Telf. 2228.  
7333 Vormstad.

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Anny Bonde.

Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Mor og far må ta barna  
sine med til kyrkja

Det er aukande kyrkjjesøking i  
prestegjeldets kyrkjer og glede-  
leg er det. Men likevel er det ik-  
kje så mange barn å sjå ilag med  
mor og far utanom familieguds-  
tenestene da. Det kan vera fleire  
årsaker til det. Når barna er små  
er foreldra redde for at dei ikkje  
skal sitte rolege nok. Når barna  
blir større, kanskje dei ikkje har  
hug til å vera med mor og far til  
gudstenesten, og så får dei lov  
til å vera att heime. Mange mei-  
ner også at barna skynar for lite  
av det som går føre seg og av  
det som blir sagt. Til slike inn-  
vendingar er å segja:

Barna skynar mykje meir enn  
dei vaksne trur. Dei har rett nok  
sin eigen måte å skyne på, men  
den er likefullt verdfull for sitt  
aldersnivå. Er barna så små at  
dei har vanskar med å sitte roleg,  
så kan foreldra sette seg slik til  
at det er lett å gå ut ein tur om  
barnet blir for uroleg. Det vik-  
tugaste er at det så tidleg som  
råd ven seg til å følgje mor og far  
til gudstenesten. Det NORMALE  
I EIN KRISTEN HEIM PÅ  
SØNDAG FØREMIDDAG ER -  
HEILE FAMILIEN PÅ KYR-  
KJEVEG. Om barna ikkje får  
vanen i heimen medan dei er barn  
— når skal dei så få vanen?

«Jamen skal eg tvinga guten  
min med da», sa ei mor. «Ja, kvi-  
for ikkje». Det er da så mange  
andre ting i oppfostringa også

som kjennes som ein tvang. Om  
junior kjem ned ein morgon og  
seier at han eller ho ikkje vil gå  
på skolen meire, så får vi dei vel  
avgarde likevel. Og om juniorane  
kjem inn til kvelds skitne og til-  
sølte og seier at dei ikkje vil vas-  
ka seg, så blir dei vel vaska like-  
vel. Kvifor så vera for blaut-  
aktig når det gjeld barnets ånds-  
fostring? Det er iallefall ingen  
farbar veg å la borna vera heime  
når foreldra går til kyrkje — til  
barna sjølv får hug til å gå. Når  
trur du mor og far at barna ville  
få hug til å gå til skolen om dei  
sjølv skulle få avgjera? Dei aller  
fleste ville aldri koma til nokon  
skole. «Jamen», seier du. «Om  
vi no tvingar barna våre til kyr-  
kjegang, vil dei da ikkje snu ryg-  
gen til kyrkja, når dei vert vaks-  
ne?» Livsrøynsle syner oss noko  
anna. Mangfaldige mennesker  
rundt i vårt land er takksame  
mot sine foreldre avdi dei ga dei  
ein god kyrkjegangsvane i tidleg  
alder. Dei vart glade i fedrenes  
gudshus. Og aldri har vi sett ung-  
dom kasta seg i rennesteinen og  
søla seg til avdi dei i heile opp-  
veksten vart tvungne til å vaska  
seg. Neste gong junior seier han  
ikkje vil vera med med kyrkje,  
så får vi vera konsekvent og av-  
gjort: «Junior, Her i vår heim,  
går vi alle i kyrkja. Det gjeld og-  
så deg».

Kaare Rogstad.

## Kirken brenner!

Det hendte i en av byene våre for  
mange år siden. «Kirken brenner!» ble  
det ropt. Folk stimlet sammen for å  
se. Det er ikke hver dag at en kirke  
brenner. I folkemassen var det en  
eldre mann som sto betuttet og så  
hvordan flammene slikket oppetter  
kirketårnet. Dette var den kirken han  
hørte til. Nå brant den!

Plutselig kom det et voldsomt brak.  
Det var de tunge kirkeklokkene som  
falt ned. Da begynte mannen å grå-  
te. «Å!» ropte han, «nå er jeg hjem-  
løs!»

Denne kirken hadde betydd mye for  
ham. Den var som et hjem for ham.  
Det var så stille der. Orgelmusikken,  
salmene og prekenen gjorde ham trygg

og glad. Og Jesus var så nær ham når  
han knelte ned på alteringen og tok  
imot nattverden.

Vi kan godt forstå at denne eldre  
mannen kjente seg hjemløs da kirken  
hans brant. For kirken er et hjem  
som Gud har gitt oss på jorden. Da  
Jesus tolv år gammel var i templet i  
Jerusalem, sa han til foreldrene sine:  
«Skjønnte dere ikke at jeg må være i  
min Fars hus?» Jesus følte også temp-  
let som et hjem.

Vi hører hjemme hos Gud. I Bibe-  
len står det at Gud har lagt evigheten  
ned i hjertet vårt. Det vil si at fra vi  
er født, har vi forbindelse med Gud.

Dette må foreldrene lære barna sine  
å forstå. De må fortelle dem om Gud  
og be sammen med dem. Da kan bar-  
na bli hos Gud når de vokser opp.

Og til ettertanke:

«Men jeg blir alltid hos deg».

Salme 73, 23.

Hans Høivik.

## Under regnbuen

heter boka som ovenstående er tatt  
ifra. Forfatteren er Bergens dom-  
prost, Hans Høivik.

Det er 62 andakter for hele familien.  
Den passer glimrende for familier med  
barn. Tips: Fin julegave til et fadder-  
barn med familie! Boka er kommet ut  
i år på Luther Forlag. Vi anbefaler  
også boka: «Det største, for de min-  
ste», som god andaktsbok for barn.  
Forfattere Jasman og Simon. Likens  
Einar Lyngar: «Barnas andaktsbok». Begge de siste er også kommet ut på  
Luther Forlag. For ungdom og større  
barn passer: Einar Lyngar «Fakke-  
len», og Erling Ruud: «Gnisten». Her  
er god og allsidig hjelp til familie-  
andakten.

## Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00  
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer  
stengt.

## Gode råd!



Grip pennen fatt, og fyll ut postgiroblanketten vi legg med som ei rundeleg julegåve til menighetsbladet. Det er meint som kontingent for året 1975. Når vi rundar eit kvart sekel, så bør vi ha eit godt blad. Flaskepost kan vere bra til sitt bruk, men vi vil gjerne ha det litt meir komfortabelt. Det er ingen grunn til å la menighetsbladet svelte ihel.

I grunnen er det eit under at vi har klart 1974 utan konkurs. Men vi har hodet så vidt over vatnet. Midt i inflasjonen har vi mest dobla sidetalet. Så lesarane har reagert svært så positivt. Faktum er at prisutviklinga skaper spesielle vanskar for blad av vår kategori. Mange menighetsblad kjemper for livet. Men så optimistiske er vi at vi veit vi er liv laga.

Kvifor ikkje samle på menighetsbladet? Kjøp ein perm. Etter noen år har du ei framifrå menighets/bygdehistorie. Det er for galt å kaste så bra stoff. Du kunne til dømes lett finne fram til dåpsdagen til barna i menigheten, bryllaupsdagen til gode venner og andre merkepelar.

Kanskje du meiner referata frå det som hender er noe einseitig. Det er rett, men den stakkars redaktøren er ikkje over alt. Vi etterlyser fleire medarbeidarar. Vi vil ha kontakt med lesarane.

Takk og pris til alle som hjelper oss både med det eine og det andre!

Gledeleg jul!

## Kjære Trøndervener!

Gildt å få senda ei helsing til dokk. Vi var så lang ei tid deroppe at vi enno har sterke røter i Trøndelag. Det merkar vi når ser igjen landsluten. Og vi har mange, mange gode vener også, det kjenner vi når vi møtest.

Eg kan lata att augo og sjå for meg dei kjende og kjære bygder og menneske. Gløymer vel aldri då vi eit år kom køyrande oppover og fekk utsyn frå Feginnsbrekka over Nidaros og dei breide bygder som låg lauga i haustsol, med dei bugnande gyllte kornåkrar! Vinjes ord kom meg på tunga hugsar eg «Det er så vent det kan meg grøta». Nei, eg gløymer aldri det storfelte synet!

Og alle dei gilde menneske vi fekk lære å kjenne.

Minnest med stor glede når vi hadde den årlege samling av dei gamle i kyrkjelyden. Fyrst i kyr-

## Helsing frå Stryn!

I dag bringer vi glade helsingar frå Julia og Jostein Hatlebrekke i Stryn. Det er godt stoff for vårt julenummer. Men i januarbladet kjem vi med eit langt intervju med den tidlegare orkdalsprosten om stort og smått i livet slik ein takknemleg pensjonist ser det. Vi har også eit bilde for handa av deira fine bustad i Stryn.



Julia og Jostein Hatlebrekke.

kja og så etterpå i prestegarden. Det er faktisk av mine rikaste minne. Alle dei gode andlet, smil og godord mellom kjenningar som fekk råkast att. — Men så ser vi i kyrkjebladet at snart den eine — snart den andre har fått heimlov. Vemodig at vi ikkje skal møtast att. No sist vår trufaste ven Johanna Hallem, som overtok etter meg i kyrkjeforeninga vi stifta. Visste ikkje at ho var sjuk diverre, ville så gjerne sendt henne ei helsing - men, «Så er den venen ikkje mist, som sovnar inn i Jesus Krist».

Det har vore så godt når nokon av dokk har funne vegen til oss her på Vestlandet. Kontakten var der med ein gong! Det var triveleg då vi tilfeldigvis slo på fjernsynet, og der stod Anders Kvåle og song og fortalde på «ækt» orkdaling. Jau vi kjenner saktens at vi har røter deroppe enno, sjølv om det er 13-14 år sidan vi kom hit. Vi har likt oss godt her, og har det hugnadsamt på alle måtar. Nordfjordingane er venlege menneskje, flinke å syngje og flittige å gå i kyrkja. Her er mykje god gamal kultur som dei held fast ved, og ære vere dei for det! Her vilde vi gjerne bu på våre gamle dagar, så då vi fekk oss ei fin tomt, bygde vi oss ein heim. Vi har ein uneleg heim tykkjer vi, pynta med alle dei fine gaver frå Trøndelag. Folk blir ståande i undring framfor det fine orkdalsskåpet! — Stolane og bordet! Og alle dei andre fine ting som er kjære minne frå gode vener. Heimen vår ligg slik til at vi har utsyn over bygda, fjorden og fjella med dei snøklede tindar, vi tykkjer her er ei storfeld natur.

Tenkjer også ofte på dei vi livde ilag med i tunet og grannelaget. Kjende så ofte godleik og hjelpemd om det trongst.

Mi fyrste tid i Orkdal kjende eg meg framand, frendelaus og lite kjend, som Asen segjer. Då var det kjekt å finne fram sykkel og ta ein tur til Geitastranda — der var kjent land, med kjenningar i kvar ei krå, nesten. Der var det heimleg med bekkesurl langs vegen mildt og grøderikt. Ikkje så rart at det vert kalla trøndelags Hardanger. Langs

vegen budde gode vener. Tenkjer på Ofstad, Slettvold, Haugnes, Halsen og Kjøren, Frøydis og Johan Kjøren som har stelt i og omkring kyrkja i mange, mange år, og Kirsti Halsen som alltid pynta så pent med blommar og vyrdsla så vel så lenge ho vann, der var traktemang og kvild før eg tok på heimveg. Seinare vitja eg ofte Beret Moe på Klevan, der var alltid hugnadsamt å koma, og vi skreiv til einannan så lenge ho livde. Ei gild kvinne! Når ein slik tek seg ei stund å tenkje, minnest ein så mykje godt frå trøndertida.

Og no skal vi liksom vera pensjonistar, men tida fell ikkje lang. Eg er med i kv.for. som før, og har bileteveg som hobby, og mannen min har laga seg ei snikkarbu, og han har slett ikkje berre tommeltottar. Han har nyleg lege på sjukehus og teke operasjon for gallestein, han var så hardt sjuk, at eg visste ikkje kva veg det bar, men gudskjetakk, no er han snart heilt frisk, men han tok av 10 kg. og det ser De kanhende på bilatet.

Så vil eg ynskje dokk alle ei signa julehøgtid med fred frå det høge!

Vensam helsing

Julia Hatlebrekke.

## Herren kjenner vegen --

Salme 1.6.

Eg var på sjukehuset nysst. Måtte ta ein operasjon. Då var det ein som gav meg dette ordet frå Salme 1: «Herren kjenner vegen --». Det vart til stor hjelp og trøyst for meg. Vi ser ikkje vår veg langt fram. Og når sjukdom eller andre vanskelege ting kjem på, så tykkjest det stengt. Vegen fram ser kronlete og vanskeleg ut. Så blir vi gjerne urolege og redde. Då er det godt å vite at Jesus, vår frelsar, Han som stilte seg solidarisk med oss og vil vere vår ven og bror, Han vil halde oss trygt i handa, og etter kvart vise oss vegen vi skal gå. Og sjølv om det da går gjennom myrke dalar, er vi trygge likevel. Han tek aldri feil av vegen.

Vi får berre la Han ta styret over vårt liv. Det kjennest risikabelt. Kanskje er det risikabelt og dersom vi berre er innstilt på kortsiktige fordelar her i dette livet.

For Herren har langsiktige mål med oss. Han vil frelse oss inn i sitt evige rike, og vegen Han fører oss går dit.

«Hans mål er kun det ene. Barnets s a n n e vel alene».

Vi må alltid hugse at Hans

**SØLVVARER**  
til  
**BARNEDÅP BRYLLUP**  
**KONFIRMASJON**  
Gullsmed

John  
**RØHME**

7300 Orkanger

tankar og vegar er høgre enn våre. Av det vil fylgje at av og til står vi heilt uforståande framfor den måten Han fører oss på. Apostelen bryt og ut i undring: «kor uransakelege domane Hans er og kor umogeleg å finne vegane Hans». Det får så vere.

Vi kviler likevel trygt, det at Han veit vegen og vil føre oss trygt og vel fram.

Ein dag vil Han føre oss gjennom den mørkaste av alle dalar - dødens dal. Vi er redde for det. Men Han kjenner vegen der og. Han vil føre ose gjennom døden til livet.

«Han som tok til med den gode gjerning i oss vil fullføre den til Jesu Kristi dag, «Leid milde ljøs igjennom skoddeim leid du meg fram - - - -».

Eg treng ei sjå min veg så langt og vidt eit steg er nok åt meg».

Jostein Hatlebrekke.



Gammel tegning av Svorkmo hytteplass med Svorkmo kirke.

Innrykket av ORKLA INDUSTRIER A.S.



### Lærer Per Solem

er i full gang med si deltidstilling som kateket på Orkanger. Han leier 3 bibelgrupper, har all konfirmantundervisninga, søndagsskolen, andakter på aldersheim/sjukehus, prestekontortene. Konfirmantane har samtalegruppe, og skal først i desember til Mjuklia på weekend.

Konfirmantfesten i oktober samla full sal i aulaen på Orkanger U-skole. Dei fleste foreldra var med.

### Konfirmasjonane 1975

blir 4. mai for Orkdal og Orkland, og 11. mai for Orkanger og Geitastrand.

### Stort røykeproblem

synest vi det er blant konfirmantane frå Orkdal og Orkland (Orkanger er ikkje undersøkt).

Vi synest ikkje konfirmantundervisning og vanerøyking passar saman. Det er verkeleg synd i dei som blir avhengig av tobakken i så ung alder. Røyking skaper uengasjerte unge. Vi lurar på om foreldra kan gjere noe med dette?

### Møteserien

i Orkanger kyrkje er avslutta. Det var bra fram møte. Mange musikkrefter frå nabobygdene var og med. Vi trur møta blei til velsigning.

### Offerveka

til Misjonssamb. i øverbygda hadde den kjente predikanten og bonden Ragnvald Holt som forkynnar. Han hadde sterk åndsmakt ved seg. I misjonsoffer kom det inn kr. 7.500 frå ei ikkje heilt talrik forsamling.

### KFUK- og M.speidarane

sitt weekendkurs i praktisk kristendomsutdanning samla 25 aktive deltakrar frå heile Trøndelag.

Kursinstruktørar var lege Odd Gunnar Heitun ved Statens ungdomspsykiatriske avd. i Oslo, diakon Håkon Høyem ved Nidarosdomen, våre egne skolemenn Egil Slørdal og Reidar Halgunset og res. kap. Inge Eidhamar. Eit åpent miljø med rike samtalar.

### Svorkmospeidarane

har med takk tatt imot invitasjon frå Nordmøre og Romsdal KFUK og M. som gjestetropp ved Linjeleiren i Surnadal i månads-skiftet juni/juli 75. Det er ein fellesleir med alle speidarforbunda.

Det er no over 50 aktive speidarar på Svorkmo. Ei weekendhelg vart avvikla på Støylen skole i okt.

### Takk til Ola Rise

for vikarteneste under prost Kaare Rogstads sjukepermisjon. Ola Rise er pensjonert prest, stammar frå Rennebu, bor i Skaun. I mest heile si presteteneste har han tenestgjort i Kvernes.

### Ungdomsnemnda i Orkdal sokn

har regelmessige ungdomstreff i Megården bedehus. Det er eit tilbod som mange nyttar seg av, og ser ut til å trivast med. Formann for nemnda er førstelærer Andersen.

### Diakonutvalet i Orkdal

arrangerte fest for eldre på Grøtte samfunnshus. Fullsett sal, og god stemning. Anders P. Kvåle kåserte frå Amerika, inspirert som vanleg. Forkvinne er sjukepleiar Jonetta Mastad.

### Orkanger Pensjonistforening

er i full drift med sitt aktive styre. Kjellarstua i Askeladden er fullsett rett som det er. Det er til og med gjort forsøk med eit pensjonistkor. Det får vi vone lykkast!

### Orkdal kr. skolelag

har mange aktivitetar i gang. Det er ca. 60 innskrivne medlemmer, og er utvilsamt det laget på gymnaset det er mest liv i. Lagskoret har øving kvar veke, og har vore med på mange arrangement ute i bygda også.

Styrevalet for vårsemesteret 75 ga dette resultat.

Atle Ølstørn (2Nf) Lensvik, form., Arvid Elveseter (2Nf), Imsterfjord, korform. Bente Kråkenes (2Eb), Fann-

rem, Ase Johanne Landrø (2Ra), Lensvik, Anne Marie Haugset (2Rb), Fannrem, Ingebrigt Røen (2Ea), Rindal. God geografisk og fagleg spredning.

Vi ønsker lykke til med viktig og verdfullt arbeid.

### Overskotet

ved Fellesaksjonen i Orkdalskyrkja blei kr. 1.700. Det er alt gitt til orgelfondet. Så Steinar Jakobsen fekk uventa løn for å sitte på orgelkrakken i 14 dagar til ende.

### Det kan vere farleg å «halke»,

men presten tek med Torshuselevar titt og ofte opp og ned dalen. Da er dei kanskje bortimot trygge. Men vi spør dei rett på sak: Korleis trivst de på Torshus? Er Forfang noe til kar? Er elevmiljøet bra? osv. Berre positiv vellåt. Det er visst bra på Torshus.

### Sokneprest Olav Olsen

skapte stor glede på haustmøtet til Øvre Orkdal Historielag da han kåserte om andleta vi kler oss i for å dekke oss og vere noe anna enn vi er. Det er ikkje enkel sak å vere seg sjøl.

### Vi har vore

på konfirmantfest både på Kyrksæterøra og i Lensvik med fullsette hus, kommunal middag og festleg program. Det er tydeleg at lekfolket — menighetens mann og kvinne, meir og meir tek initiativ og kjem med idear i konfirmantarbeidet. Det er heldigvis ikkje lenger berre prestens konfirmantar.

### Konfirmantfestane.

Jubileumsfestane for 50- og 25-års konfirmantane er blitt avvikla, delvis med svært god tilslutning. Det var stor glede over gjensyn.

Noen kom langveis frå, og noen skreiv og ba om at spesielle salmar blei sungne ved gudstenesta sidan dei hugsa den så godt frå konfirmasjonsdagen. Det var ein inspirasjon å få vere med.

### «For lite kulturtilbod

i Orkdal», sa noen som nyss er flytta hit. Ja, det kan nok vere så. Men ruslar ein litt rundt i grasrota så ser og opplever ein mangt. På bedehus og grendehus rundt omkring har vi hatt fine opplevingar.

Søndagsskolen i Den Gode Hyrdes kapell som kvar søndag samlar omkring 50 barn er og kultur for noen,

eller Grendstugu på Bye som byr på litt av kvart når grenda slår seg saman. Imponerende av det vesle samfunnet.

### På foreldremøtet

ved Arlivoll skole 26.11. var heile Torshus møtt opp og gledde oss med song, musikk og kåseri. Slik skal det vere.

### Båretralle

Til Orkdal kyrkje er innkjøpt ei båretralle. Den kosta 1.890 kr. og er betalt av ein anonym gjevar. Vi takkar for den store gáva!

### 4H-klubbane

har hatt sine haustfestar. Vi var innom på Hoston. Det var litt av ein fest med folk i alle aldrar.

Her var liv og glede, og mye fint å sjå av klær, dyr og planter. Vakre lysbilder frå Sveits gledde ikkje minst. Festen var fint leia av gymnasiast Erik Hoston. Det var ikkje mange «hostobøgg» som sat heime den kvelden.

### Frå den vide verda

kan vi til slutt nemne at tidlegare Løkkenprest generalsekretær i skolelaget, Einar Solli er tilsett som lektor ved Norsk Lærerakademi i Bergen.

### Vidare at

Nidaros nye domprost Tor With overtar i februar.

Han har ein allsidig bakgrunn, født i Finnmark, orkdalsgymnasiast, folkehøgskolestyrar, sokneprest, generalsekretær, forstandar ved Lovisenberg sjukehus, landsstyreformann i Indremisjonen, korpsinstruktør i KFUM speidarane m.m. Han har også stått i brodden for å redde Barnevernsinstituttet i Trondheim som kyrkjeleg institusjon.

### Møteserie og basar for fjellkirka

Komiteen for Søvasli fjellkirke vil på etterjulsvinteren ha ein møteserie rundt om i prestegjeldet. Det vil bli orientert om planane, vist film m.v. Det startar med julefest på Gjelme 8.1. Vidare Stokkhaugen 15.1., Monset 22.1., Orkanger 29.1., Kjørenmoen 5.2., Svorkmo 12.2., Hoston 19.2., og Fannrem 26.2.

Seinare på vårparten vil det og bli sett igang ei større utlodning. Interesserte som vil gi gevinstar til dette kan levere dei til Agnes Singstad, Orkanger eller Ollaug Eidhamar, Svorkmo, Borghild Garberg, Gjelme og Karen Hagen, Fannrem.

## GAVER til bladet

### ORKANGER :

H. Y. kr. 10. Rolf Nyberg 20. Ingeborg Knutsen 15. Gerda Reitan 10. Berit Solligård 10. Magna og Ditlef Ofstad 10. Eli og Arnold Ofstad 10. Ingeborg og Kr. Haugen 10. Hjørdis Fiskum 10. E. og S.K. 10. Tora og John Solberg 10. Ingebjørg og Gunnar Ustad 20. Kristine og O. Våtland 10. Anne og Einar Mælen 10. Liv og Tor Pettersen 10. Sognli og Strand 20. Agnes Syversen 10. Inger og Olaf Lønnum 20. Asta Mathisen 10. Ole Kattem 10. Ester Sivertsen 10. Inger og Helge Metliås 10. Karen Dragset 10. S. og J. Trelease 10. Karen og John Rikstad 10. Ragnar Karlsen 10.

### GEITASTRAND :

Inga og M. Bjørnbet kr. 10. Magnhild Tungen 10. Kristen Hukkelås 10. Karen S. Meland 10. Einar Langvik 15.

### ORKDAL :

Kristine Gangås kr. 10. Johanna og B. Gangås 10. Marta Ustmo 10. Marit Lium 10. Martinus Aasbø 10. Solveig og John P. Wolden 30. Anna og H. Noremsaune 20. A. K. 10. Karen og Bernt Aunemo 10. Arne Fagerli 10. Torger Sandvik 15. Anna Sognli 20. Mariee og O. Gisvoldløkk 10. Liv og Ola Solem 20. Ole Evjensvold 10. Oskar Skjerve 10. Lorens og O. Lillebakken 10. Kirsti og Odd Fossum 20. Marta Lie 50. Helga Sognli 10. Alf Kjonli 20. May Flåskog 20. Borghild Larsen 20. Tormod Ustad 10. Arne Harand 10. Serine Reitan 10. Jenny Sletvold 10. Anne Kari og Jo Sætre 20.

### ORKLAND :

Ingeborg Blokkum kr. 10. Karen Skjøberg 15. G. og W. Lund 20. Sofie og R. Simonshaug 20. H. P. Kvåle 30. Borghild og John Ljøkjel 20. Jorhild og Ola Løkjel 20. Jenny Rise 10. Ingvalda og Bj. Wahl 20. Anna Lium 10. Anne E. Svorkmo.

### UTENBYGDS :

Magne Svorkmo, Drammen kr. 20. Karla og Leif Husby, Glomfjord 20. Bergliot Samset, Oslo 10. Ase Meisingdal, Surnadal 10. A. Skrondal, T.heim 20. Ivar Svee, Kløfta 10. Ingvar Kjøsen, Oslo 10. Marie Rø, Nidarvold 10. Solveig og Kolbjørn By, Porsgrunn 20. Arne G. Eikli, Aurskog 30. Einar Reitan, 7370 Solbakken 10. Anne og Johan Sodal, Eggkleiva 10. Elsa Espeland, Slemmestad 10. Johanna Ulvær, T.h. 10. Edith Lyngen, Jerpstad 10.

Hjertelig takk!

## Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.  
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

## Ansvar — Varde

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel og traktor. Snåkk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

## Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir  
Skolemateriell

Velkommen til vår forretning.  
Vi står alltid til tjeneste.  
Gjør innkjøpene hos oss.

## Svorkmo Handelsamlag

Nyheter til jul!

Pene dåpskjoler til utlån.



## Harald Hukkelås

Orkanger.

### PRESTEKONTORET

Den Gode Hyrdes kapell  
Orkanger.

Kontortid: Tirsdag 17 - 19.  
Torsdag 17 - 19.  
Lørdag 10 - 12.

## Simon og Anna Fanuelsdotter - -

Framh. frå s. 2.

lite som hender i den gamles kvardag at det blir langsamt. Men dei treng aldri vera einsame. Jesus Kristus vil vera hjå dei. Og rett som det er gjennom dagen faldar dei hender og bed for ætta, for born som veks opp og for ungdomka, for sjuke og einsame som kjem i deira tankar. Ja, dei ber for land og folk. Så kan dei gjeva gode råd til alle som treng det. Somtid kan dei og gjeva ei handsrekning med barnevakt og noko småarbeid. Så mange bestemødre og -fedre, ja gamle i det heile er gode å ty til på så mange vis.

Du som kjenner at du er gammal — skal vite at vi er så inderleg glade i dag. Vi har så stor bruk for deg. Du sit ikkje i ve-gen. Du er ikkje til byrde om du no ikkje greier stort. Du skal vite at alle våre gamle er eit stort aktivum som landet vårt treng meir enn noko. For du har forbøna si rike gåve. Du hegnar om oss alle og hentar velsigning ned over oss. Kor fatige vi vart om dykk brått kom burt alle på ein gong.

Vi har så inderleg god bruk for deg, omtanken din - for kjærleiken din - for bønene dine. Må Gud signe dykk gamle.

**Kaare Rogstad.**

## Orkdalsjente - - -

Framh. frå s. 1.

dig og god misjonsutstilling i dalen, og alle dei barna og vaksne som fekk sjå den, fekk eit sterkt inntrykk av at her må alle vere med.

Vi minner samstundes om juledagsofra til Det norske misjons-selskap. La det merkast at orkdalingane er misjonsfolk som aldri før.



### GUDSTENESTER

#### 2. s. i advent 8. 12.

Orkdal kl. 11. res. kap. nattv.  
Geitastrand kl. 11. s.pr. Barnegudst.  
Orkland kl. 19. Lysmesse.

#### 3. s. i advent 15. 12.

Hoston kl. 11. res. kap.  
Orkanger kl. 18. Orkanger bl.kor.  
Orkdal kl. 20. Lysemme. s.pr.  
Torshuskoret.

#### 4. s. i advent 22. 12.

Grendstugu Bye kl. 11. Familieguds-  
teneste s.pr.  
Monset grendehus kl. 11. Familie-  
gudst. v. res. kap.  
Orkanger kl. 20. Lysmesse.

#### Juleaften 24. 12.

Orkanger aldersheim kl. 11. Per Solem  
Orkdal aldersheim kl. 11. res. kap.  
Orkdal sjukehus kl. 15. s.pr.  
Orkanger kl. 14. res. kap.  
Orkland kl. 15,30. res. kap. offer til  
menighetsarb.  
Orkdal kl. 16,15. s.pr.

#### 1. Juledag 25. 12.

Orkdal kl. 11. Høgtidsgudst. s.pr.  
Orkland kl. 11. Høgtidsgudst. res. kap.  
Geitastrand kl. 15. Høgtidsgudst. s.pr.  
Buss fra Husdalen.

#### 2. Juledag 26. 12.

Orkanger kl. 11. Høgtidsgudst.  
v. res. kap.

#### Søndag e. jul 29. 12.

Stokkhaugen kl. 11. s.pr.  
Gjølme bedehus kl. 11. res. kap.  
Ved alle julegudstenester offer til  
Det norske misjons-selskap.  
Orkdal kl. 15. Dåpsgudsteneste v. s.pr.

#### Nyttårsaften.

Den Gode Hyrdes kpl. kl. 18. Orkanger  
musikkorps. res. kap.

#### Nyttårsdag 1. 1. 1975.

Orkdal kl. 11. s.pr. nattv.  
Offer til Den norske sjømannsmisjon.  
Orkland kl. 11. res. kap. nattv.

#### Kristi åpenb.dag 5. 1.

Geitastrand kl. 11. res. kap.  
nattv. buss frå Gjølme.  
Orkanger kl. 11. s.pr. nattv.

## ORKDAL ELVERK

God jul  
ønskes alle våre abonnenter.

Vi ønsker alle kundane våre og alle vi samarbeider med

Ei gledeleg jul!

BØNDENES SALGSLAG

avd. Fannrem

Sendt av:


# POSTGIRO - INNBETALINGSKORT

Sendt av:

TIL FRIMERKE

Porto 40 øre

## KVITTERING



DATOSTEMPEL

ADR. \_\_\_\_\_

ADR. \_\_\_\_\_

KRONER ØRE  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

KRONER ØRE  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

KRONER ØRE  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

TIL

er innbetalt til

### ORKDAL MENIGHETSBLAD

Orkdal Menighetsblad

ADR. \_\_\_\_\_

7320 FANNREM

POSTGIROKONTO

**32 68 72**

POSTGIROKONTO

**7320 Fannrem**

**32 68 72**

POSTGIROKONTO

**32 68 72**

Ved reklamasjon  
må De vise  
kvittering



Bl. 560

DATOSTEMPEL

INNBETALINGSNUMMER



DATOSTEMPEL

INNBETALINGSNUMMER



ØRE

PORTO

SIGNATUR